



KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE



SAL 121, 1-2

EG LYFTER AUGA MINE TIL FJELLA.
KVAR KJEM MI HJELP IFRÅ?

MI HJELP KJEM FRÅ HERREN, SOM
HAR SKAPT HIMMEL OG JORD.



Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.
Kjem ut 4 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Kari Haavardsholm – kontaktperson
Astrid Voll
Ståle Ravndal
Elin Anita Garpestad

Layout-ansvarlig:

Linda Aanestad Haugland

Framsida:

Jærgårds, Daniel Lyngstad (frivillig vaksen) i samtale med Adrian Reine.

Trykk:

Olsson as

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55

E-post: menighetsblad.klepp@kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Vippsnummer: 810948

Utgivelser i 2025

Nr.	Stoff-frist	Utgivelse
4	28.10.	27.11.

Med forbehold om ledig plass.

Stoff-fristen må overhaldas!

Mail-adresser:

menighetsblad.klepp@kirken.no
51 78 95 55

Kari Haavardsholm, 992 66 752
kontor.klepp@kirken.no

Astrid Voll, 924 63 073
astrid.voll@outlook.com

Ståle Ravndal, 928 90 335
stale.ravndal@gmail.com

Elin Anita Garpestad, 951 44 099
eagarpes@online.no

KONTAKTLISTE KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP, ORRE OG BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

Kontortider:

Måndag til torsdag: 10.00 - 13.00
Fredag: Stengt
Elles etter avtale

NB! Alle på kyrkjekontoret har fått nye e-postadresser, sjå meir på våre nettsider.

Tilsette kyrkjekontoret:

Kyrkjeverge, Arvid Kaspersen	401 57 641
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Sekretær, Ingunn D. Aandal	924 19 934
Diakonarbeider, Ruth Bråtveit	472 59 486

Klepp sokn:

Sokneprest, Just Salvesen	410 04 692
Dagleg leiår, Hilde N. Djønne	481 25 450
Sekretær, Ingunn D. Aandal	924 19 934
Kantor, Ola Sotnakk	919 24 158
Menighetspedagog barn, Vilde Henriette Lund Bergseth	988 96 528
Menighetspedagog ungdom, Andrea Bjørkavoll-Bergseth	414 53 395
Kyrkjetenar, Ketil Terning	900 35 471
Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim	922 55 478

Orre sokn:

Sokneprest, Erik Rørtveit	900 97 015
Menighetsped. og sekretær, Jan Erik Lerbrekk	902 56 031
Dagleg leiår, Hilde K. Eikeland	480 36 029
Organist, Arne Hadland	
Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert	991 56 865

Bore sokn:

Sokneprest, Ivan Fjeld	948 69 841
Dagleg leiår, Hilde Kalvatn Eikeland	480 36 029
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Organist, Elin Underhaug Kanu	909 45 278
Menighetspedagog barn, Anette Dagfinrud Thorset	919 21 631
Menighetspedagog ungdom, Birgitte Maudal Berge	473 71 627
Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme	909 76 477

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

Sokneprest, Morgan Fjelde	489 97 108
Dagleg leiår, Marita Teigen Gamlemshaug	938 37 283
Menighetspedagog og musikalsk leder, Inger Lende Sandve	918 40 797
Driftsleiår, Geir Ådne Vestvik	928 56 689
Barne- og familiepastor (vikar), Lauren Severson	
Team ungdomsarbeid: Guro Haugen Høyland	976 07 760
Samuel Njærheim	952 27 731
Irene Undheim	970 61 630
Ruben Omdal	976 41 553

Navn er betydningsfullt.

Navn er personlig. Vi brukte en del tid på å finne navn til våre barn, og gjorde det ikke enklere for oss selv da vi gikk for dobbeltnavn. Navnet vårt bærer vi med oss gjennom livet og det blir en del av vår personlighet. Vi henvender oss til hverandre ved å bruke navnet.

I historien i Bibelen der kvinnene går til graven for å salve Jesus etter hans død og finner graven tom, og Maria Magdalena blir stående utenfor graven fortvilet og lei seg, er det en mann der som snakker til

henne. Hun skjønner først ikke hvem det er og tror det er gartneren. Men da mannen henvender seg til Maria ved å bruke navnet hennes, skjønner hun med en gang hvem han er – Jesus.

Jesus kaller oss ved navn.

Men for oss å kalle Jesus ved navn?

Å nevne Jesu navn i det daglige, i samfunnet, men også i samtaler blant gode venner i kirke og bedehus, kan noen ganger være litt utfordrende. Å snakke om Gud, om kirken eller om troen er liksom litt lettere.

Jeg kjenner meg igjen og undrer meg på hvorfor det er slik – og tror kanskje det kan henge sammen med at Jesu navn er kraftfullt.

Den siste andakten jeg hadde på Tweens på Klepp stasjon før jeg begynte å jobbe i Bore, handlet om bønn og om at bønn ikke trenger å være mange ord.

Det kan faktisk bare være ett ord – eller navn. Og jeg lurte på om nettopp den bønnen kan være en av de aller mest brukte av alle bønner, i alle fall den korteste: Jesus!

Anette Dagfinrud Thorset
Menighetspedagog Bore kirke



Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. 410 04 692

Sokneprest, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. 948 69 841

Sokneprest, Erik Rørtveit (Orre) - Tlf. 900 97 015

Sokneprest, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. 489 97 108

Diakonimedarbeider, Ruth Bråtveit - Tlf. 472 59 486

Pilegrimsvandring ved havet

Sterke inntrykk av opne landskap, himmel og hav. Det har gått ei tid sidan eg kom heim frå 10 mils vandring langs jærkysten. Turen gjekk over fem dagar frå Egersund kirke til Stavanger domkirke og utgjør den første strekninga av Kystpilegrimsleia i retning Nidarosdomen. Eg har opplevd Jæren på ein ny måte, og det var flott.

Det er ein fin variasjon mellom steinstrender og sandstrender her på Jæren. Kulturlandskapet går heilt ned til fjæra og strendene. På vandringa har me for det meste følgt enkle stigar og grusveggar i dette landskapet. Men nokre stykke måtte me gå på asfalt.

Det er mange høgdepunkt undervegs. Eg vil framheva Varhaug gamle kyrkjegard som ein heilt spesiell stad. Her ute i havgapet har det stått kyrkje frå mellomalderen og fram til 1905. Det vesle kapellet som står der nå, er bygd i 1951.

Det er mange slags turar som kan bli kalla ei pilegrimsvandring. Eg deltok i ei organisert gruppe på 20 personar, arrangert av Utstein Pilegrimsgard. Turen hadde eit tydeleg åndeleg perspektiv knytt til den kristne trua på Gud som skapar av himmel og jord. Me veksla mellom å prata og å

gå i stilla. Det var så mange inntrykk å ta inn. Det blei ofte framheva at også *kvila* er skapt av Gud, og *det* kan det vera viktig å få sagt i vår oppjaga tid. «Her skal me gå, eta, kvila og sova» sa pilegrimspresten Andreas. Men me hadde også tid til tre daglege samlingar med tidebøn og bibellesing, – og ein samtale om kvelden knytt til opplevingane undervegs.

Noko anna som sit igjen, er gjestfridomen og dei venlege menneska me møtte. Pilegrimsvenner i Ogna kyrkje møtte oss med ein stillferdig gitarkonsert og med kaffi og lappar. Tidlegare prost Anne-Sofie Haarr tok imot oss til matpause i hagen. Den lokale bonden kom, etter at me hadde hatt nattverdsgudsteneste i Orre gamle kyrkje, med herlege ferske gulrøter som han nettopp hadde tatt opp av jorda. Ved sjøhusa i Sele hamn kom pilegrimsvenner som har gått strekninga tidlegare, med kaffimat til oss.

Turen var delt i fem dagsetappar; frå Egersund til Ogna, frå Ogna til Varhaug, frå Varhaug til Orre, frå Reve til Sola, frå Sola til Stavanger. Den som er kjent, vil sjå at det var ei kort strekning me ikkje gjekk, frå Orre til Reve. Dette av omsyn til den sårbare naturen i området rundt Revtang.

Me hadde stort sett veldig fint ver. Men eit par dagar fekk me kjenna på vinden som jo er ganske vanleg på Jæren. Havet er ikkje mindre fascinerande i slike stunder! Både *Fred* av Arne Garborg og *Garman & Worse* av Alexander Kielland opnar med mektige avsnitt om nettopp dette havet og denne kysten.

Me var innom både Hå gamle prestegard og Friluftshuset på Orre, begge prega av den jærsk arkitekten Per Line som blir kalla «stillhetens arkitekt». Inspirert av læremeisteren Knut Knutsen, sa han:

«Søk det enkle, det naturlige, det stillferdige, det uvesentlige, det opprinnelige. Og kjenn det naturlige.»

Då me kom til Stavanger, blei me plutselig del av eit større fellesskap; Stavanger bispedøme sin pilegrimsdag i samband med 900-års jubileet. Dermed fekk me avslutta turen med å delta på pilegrimsmesse i domkyrkja. Og rett før gudstenesta, avduking av ny milestein som viser avstanden vidare langs pilegrimsleia til Nidaros.

Tekst og foto: Arne Berge



Formiddagstreffet på Klepp stasjon!



Kvar 3. torsdag i månaden samlast i gjennomsnitt 20-25 personar som er heime på dagtid.

De fleste er pensjonistar. Tanken bak å drive formiddagstreffet er å skape eit fellesskap, miljø og ein plass for dei som er heime på dagtid.

Staden er stasjonsbygningen på Klepp stasjon. Det er frivillige som er med på kjøkkenet og i leiinga. Vi startar kl.11.00, som regel med en song.

Deretter er det ein enkel forelesning. Vi prøver å ha spanande, lærerike og oppbyggelege tema.

Etter forelesninga er det ein enkel lunsj der drøsen går livleg. Noko av det som skapar ekstra hygge er loddsal og trekning av fine premiar.

Det må vi ha med kvar gong. Formiddagstreffet er som regel slutt kl.13.00.

I vår arrangerte vi ein busstur til Mosterøy, Utstein kloster, Pilegrimsgarden og Talgje. På Talgje besøkte vi Talgje kyrkje og drivhuset til Jostein Gard som også var ein framifrå guide for oss på Talgje. Det var ein fornøgd og lystig flokk som gjekk av bussen på Kleppe og Klepp stasjon.

Datoane for dei neste Formiddagstreffa no i haust er:

- **18. september.**
- Tema: Ukrainas historie ved Kristian Staveland
- **23. oktober**
- Tema: Koordinering av frivillighet i helse og velferd ved
- Liv Øvregaard og Tone Augestad Skår
- **20. november**
- Tema: Waisenhuset historie ved Magne Theodor Huth

**Velkomne til Formiddagstreffet på
Klepp stasjon!**

Tekst og foto: Ruth Bråtveit, diakoniarbeider

Intervju

med 3
nytilsette
på Bore og
Klepp.

1.

Fortel kort om deg sjølv

2.

Kva vert dine
arbeidsoppgåver i den
stillinga du har gått inn i?

3.

Kva tankar har du om
samarbeid med øvrig stab og
frivillige i kyrkjelyden?



BENJAMIN LEONARDO SALVESEN

Kyrkjetenar i Bore

1.

Hei! Jeg heter Benjamin Leonardo Salvesen, er 18 år og bor på Frøyland. Jeg går mitt siste år på Tryggheim videregående skole, der jeg trives veldig godt. Faglig liker jeg best matematikk og kjemi. Ellers så liker jeg å spille fotball, trene og være sammen med kompiser. Jeg trives veldig godt med rollen min som kirketjener i Bore, og setter stor pris på å være en del av det fellesskapet.

2.

Som kirketjener har jeg ansvar for praktiske oppgaver både før, under og etter gudstjenester. Det kan blant annet være rigging, rydding og flagging. Tilrettelegging ved dåp og nattverd er også en del av jobben jeg gjør som kirketjener. På den årlige utegudstjenesten på Voll fikk jeg også prøvd meg som skuespiller, som var veldig artig. Ellers er det å være tilgjengelig og hve seg rundt om noe skulle skje. Sist, men ikke minst, så er det alltid like kjekt å ringe i kirkeklokkene! Jeg har vært i stillingen i ett år nå, der jeg har lært mye og hatt det veldig bra.

3.

Jeg mener at et godt samarbeid er helt avgjørende. Og at uten alle de frivillige vi har, så ville ikke ting ha gått rundt. Det er både godt og inspirerende å være en del av et team der folk hiver seg rundt, og hjelper til der det trengs. Jeg opplever både stab og frivillige som varme og engasjerte, der jeg spesielt må trekke frem den frivilligheten vi har i Bore menighet. Tror ikke det har gått en eneste gudstjeneste uten at noen har tilbudt seg å hjelpe til, noe som er veldig hyggelig og som settes STOR pris på!

Tusen takk!



VILDE HENRIETTE LUND BERGSETH

Menighetspedagog barn, Klepp

1.


Jeg heter Vilde, 28 år, og er opprinnelige fra Spydeberg i Indre Østfold kommune. Mot Svenskegrensa, for de som lurar! Utdannet lektor ved Menighetsfakultetet i Oslo, og elsker å jobbe med barn og unge generelt. Bosatt på Klepp stasjon med mann og barn, og stortrives allerede.

2.

Som en som elsker barne- og ungdomsarbeid, er jeg lykkelig over å få jobbe med nettopp dette. Jeg har ansvar for aktiviteter og tilbud for 1.-7. trinn i Klepp kyrkje. I tillegg har jeg ungdomsarbeidet UANZ og er med på alt som skjer av konfirmentarbeid.

3.

Jeg er så heldig å gå inn i en stab som nå er fulltallig, med en kultur for godt samarbeid og et felles hjerte for Jesus. Dette gjelder også de frivillige, som er så viktige for oss at det hadde ikke vært så gode tilbud og samhold som nå uten. For meg er det viktig at vi er der for kyrkjelyden, og er derfor takknemlig for det gode samarbeidet og villigheten.



BIRGITTE MAUDAL BERGE

Menighetspedagog ungdom, Bore

1. og 2.

31. år. Gift. Trebarnsmamma. Bor i Verdalen. Ga livet mitt til Jesus i 2024, og la dermed bort egne ønsker og drømmer, og begynte den spennende vandringen med Gud! Og nå er jeg så velsignet at jeg for lov til å vandre i Guds vilje og plan for mitt liv, og formidle tro til konfirmanter i Bore. Det er så stort for meg, og jeg tar det virkelig på alvor.

3.

Det har vært kjempe fint å komme til en arbeidsplass med så mange nydelige hjerter. Her er det godt å være. Det gleder meg at vi kan virke sammen som en kropp, med Jesus som hodet. Alle med hver sine styrker. Hvor alle kroppsdelene er like viktige. Sammen lyser vi sterkt. Jeg har allerede fått gleden av å arbeide med noen frivillige, og tenker vi må verdsette dem høyt med handling. Gud ser deg - og fryder seg over tiden du legger ned i Guds arbeid her på jorden.

ORRE KYRKJE 75 ÅR

2. pinsedag, 9. juni, blei det markert 75 års jubileum for vigsling av Orre kyrkje.

Gudstenesta blei leia av fungerande sokneprest Gunther Theiss. Dette var for øvrig Theiss si siste gudsteneste i Orre og han blei takka av av soknerådsleiar Bjørn Borgen.

Tidlegare sokneprest i Orre, Jarle Minnesjord, hadde teke turen frå Skien og han gledde oss som alltid med flott song. Med seg hadde han muskarane Wenche Jess Klippen, piano, Henning Thunheim, gitar, og Tommy Thunheim, kontrabass.

Etter gudstenesta var det markering i menighetssalen. Samlinga starta med ei matøkt med mykje godt bakverk og flotte kaker. Etter matøkta hadde soknerådsmedlem Wenche Jess Klippen ei historisk gjennomgang: «Allereie i 1864 dukka tanken om å byggja kyrkje på Pollestad. I 1898 blei ny gravplass lagt ut på Pollestad, og i samband med dette vart det sett av tomt til ny kyrkje. I 1916 blei dei fyrste skissene til kyrkja utarbeida. Etter fleire møter i Orre sokneråd, Orre soknestyre og soknerådsmøte blei endeleg grunnsteinen til ny kyrkje lagt ned 4. oktober 1946. Ved nedlegginga av grunnsteinen sa biskop Skagestad m.a.: »Det er mitt inderlege ynskje og bønn til Gud at denne kirke må bli til velsignelse og bringe himmelgaver til folket. Kirken må bli en levende virkelighet – åndelig samlingspunkt nå og i tiden som kommer».

I 1949 tok byggjearbeidet til og 1. pinsedag i 1950 blei Orre kyrkje feira med 3 dagers kyrkjefest. Gudstenesta med vigsling av kyrkjebygget samla 700-800 menneske, der ca. halvparten måtte følgja gudstenesta utandørs via høgtalarar.

Wenche hadde henta det meste av dei historiske opplysningane frå eit hefte Hein Steinskog utarbeida i samband med markering av 50-årsjubileet for kyrkja.

Etter den historiske gjennomgangen fekk Jarle Minnesjord ordet. Han delte ulike glimt/tankar frå sine 18 år som prest i Orre. Han la ikkje skjul på at det hadde sett mange spor, og han følte det mest var «som å koma heim» når han kom til Orre igjen.

Under samlinga i menighetssalen hadde soknerådsmedlem Jan Wiig også ein samtale med Orre sin eldste innbyggjar, 100 år gamle Palmer Orre. Palmer delte fleire opplevingar og fortalde m.a. at han hadde vore med og styrt lydanlegget under vigslinga i 1950. Palmer var den gongen med i styret for Orre Idrettslag. Dei hadde nettopp fått høgtalaranlegg, og dette blei lånt ut m.a. for å få lyd ut til alle dei som måtte følgja vigslingsgudstenesta frå kyrkjebakken.

Ingrid (Pollestad) Hole som var med i det fyrste konfirmantkullet i Orre kyrkje hausten 1950 deltok også på markeringa.

Ref. Astrid Vold


Foto: Arvid Orre og Inger Karin Runde



- Ingrid (Pollestad) Hole deltok i det første konfirmantkullet.



Den nye Orre-Presten



Kven er den nye Orre-Presten?

Eg møter han på kontoret hans i Orre-kyrkja for å få vita litt meir om denne karen som skal vera prest her i bygda.

Erik Rørtveit heiter han, fødd i mai 1965, og vaks opp på gard på Finnøy. Foreldra hans møttes på Øksnevad Jordbruksskule, og etterkvart fekk dei seg gard på Finnøy der dei dreiv med ku og sau.

Erik var odelsgut, og alle framtidsplanar handla om at han ein gong skulle overta garden, og han tok agronomutdanning

og spesialiserte seg innan rekneskap og økonomi.

Erik er gift med Mariann, dei bur nå på Sandnes og har 4 eigne born pluss 3 fosterborn som er sysken. Dei sju borna er fødte mellom 1991 og 2008. Han seier sjølv at det viktigaste dei har gjort i livet, utanom å laga seg sin eigen heim og familie, er å verta fosterforeldre.

Korleis kan det ha seg at han som odelsgut no har vorte prest?

Erik fortel at far hans døydde i ei ulukke på garden 28. april 1999, dette omtalar han som eit jordskjelv i livet, alt vart endra, og at han etter dette begynte på eit Alpha-kurs. Der lærde dei blant anna at dei kunne be om alt. Og gjennom desse bønene opplevde han eit kall til å bli prest. Fram til då hadde han arbeidd i bank og forsikring i 11 år, bygd hus på garden og førebudd seg på å overta drifta.

Han snakka med Mariann om dette kallet han kjende på, men ho lo mest litt av han og sa tydeleg at nei, Erik, du passsar ikkje til å vera prest! Men denne tanken forlét han ikkje, og han snakka med ein av leiarane på Alpha-kurset om det. Ho spurde om kona var einig i dette kallet, noko han måtte benekta. Då meinte leiaren at det kanskje ikkje var frå Gud, men at dei skulle be over dette.

Så ein dag slo kona, Mariann, opp i andaktsboka, og der stod følgjande:

«Det er bedre å følge sitt kall enn karrieren. Og det er bedre å ha sin bank i himmelen enn å ha sin himmel i en bank.»

Då var beskjeden frå Mariann ganske klar: Du kan starta å studera teologi, Erik!

Då han var midt i sitt andre Alpha-kurs, vart det til at syster hans overtok garden og Erik starta på Misjonshøgskulen i

Stavanger hausten 2001. Og næraste nabo på lesesalen var ingen ringare enn Jarle Minnesjord, som var sjølvaste Orre-presten i 18 år, heilt til han flytta til austlandet sommaren 2024.

Etter end utdanning fekk Erik fyrst stillinga som sokneprest i Sjernarøy, der han var vel kjend med folk og kultur. Deretter fekk han stillinga som regionleiar i Normisjon Rogaland, og denne stillinga hadde han i 11 år, og det var i denne perioden dei busette seg i Sandnes.

Slik vart han også godt kjend med jærboen, bedehusmiljøet på Jæren og kristenlivet i Rogaland generelt. Etter desse 11 åra fekk han stilling som sokneprest i Kjøpsvik og prostiprest i Ofoten. Dette innebar å betjena 20 kyrkjer og kapell i Hamarøy, Evenes og Narvik kommune. Han pendla då frå Sandnes og heldt fram med dette i 5 år. Naturleg nok var dette ei belastning for familien, og den tanken han hadde hatt lenge om å avslutta si prestegjering på Jæren, rykka stadig nærmare.

Når stillinga som sokneprest i Orre og prostiprest i Jæren Prosti dukka opp, var han ikkje sein om søka den. Der er stillinga delt med 50 % sokneprest i Orre og 50 % i Jæren Prosti, der han kan nyttast rundt i prostiet etter som det er behov for det.

Eg spør Erik om det er noko han særleg vil leggja vekt på i si teneste i Orre Sokn, og til det svarar han: *«Er det noko livet har lært meg så er det at det viktigaste eg kan gjera er å lytta! Og særleg det første året mitt her vil eg særleg lytta til soknerådet og til konfirmantane, og eg vil bruka tid til å bli kjend med Orre-buen og kyrkjelyden her».*

Til slutt deler Erik sitt favoritt-avsnitt i Bibelen med lesarane av Menighetsbladet i Klepp.

«Det var om kvelden same dagen, den første dag i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde for jødane. Då kom Jesus; Han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då Han hadde sagt det, viste Han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa Han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda Han på dei og sa: «Ta imot Den Heilage Ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.» Johs. 20, 19-23.

Dette oppsummerar kva eg har opplevd sjølv og seier alt om Jesus sin unike posisjon, avsluttar Erik.

Me ynskjer Erik varmt velkomen til Orre, og gler oss til å verta kjend med han!

Tekst og foto: Wenche Jess Klippen, medlem i Orre Sokneråd.



Presentasjon av ny kyrkjelydspedagog i Orre sokn



Jan Erik Lerbrekk saman med kona, Bente, utanfor Orre kyrkje.

Orre kyrkjelyd lyste ut ny stilling som kyrkjelydspedagog /kyrkjelydsarbeidar våren 2025 og er svært glade for å ha fått tilsett ny medarbeidar, Jan Erik Lerbrekk.

Det er ei stor glede å kunne ønske Jan Erik Lerbrekk velkommen som ny medarbeidar i kyrkjelyden. Jan Erik er 27 år gamal, er oppvaksen på Varhaug og flytta saman med ektefelle frå Oslo til Vigrestad før sommaren. Han er gift med Bente, som kjem frå Farsund.

Jan Erik har ei bachelorgrad i teologi med fordjuping i bibelvitenskap og master i leiing og menighetsutvikling.

Kva var grunnen til at de valte å flytta tilbake til Jæren?

Eg har budd borte frå Jæren dei siste 9 åra, og kjente eg hadde lyst til å flytta tilbake. Det var og betre jobb muligheter for oss begge, samt at eg har stor familie og stort nettverk på Jæren.

Kan du fortelja litt om din bakgrunn og tidlegare erfaring?

Dei siste åra har eg vore deltidsstudent i Kristiansand, men med bustad i Oslo siste år. Eg var ferdig med master denne våren, og klar for å søke på ny jobb. Under studietida var eg tilsett som ungdomspastor i Farsund Misjonskyrkje, og har med meg erfaring frå arbeid med konfirantar, og inn mot både ungdom, eldre og born. Samarbeid på tvers av menigheter og anna kristent arbeid synes eg er eit viktig fokusområdet, og har gode erfaringar med å få til gode samarbeidsarenaer.

Kva fekk deg til å søke stillinga i Orre?

Eg har eit ynskje om å få være med å gjere Jesus meir kjent for folk, og håpar å få bruka min teologiske utdanning i arbeidet. Eg trur det er viktig å skapa gode relasjonar, bli kjent med folk og vera med å gjera Jesus meir kjent for barn og unge.

Er det nokon arbeidsoppgåver du gleder deg mest til?

Eg ser fram til arbeidet med barn og unge, konfirmentarbeid, men trivest med å arbeide med folk i alle aldersgrupper. Eg ynskjer å vera der folk er. Det å kunne få vera med å bidra til større åndeleg bevissthet, og at fleire får erfare Guds ubetinga nåde og livsforvandlande kraft.

Det blir viktig for meg å lytta til kyrkjelyden sine ynskjer og etablere eit godt samarbeid. Eg er også open for å tenke nytt saman med soknerådet. Bli kjent med Orre-folket, at vi kjenner vi står saman og arbeider mot felles mål og det budskapet vi brenner for.

Har du nokon hobbyar eller fritidsinteresser du vil dele?

Vi har nettopp skaffa oss ein hund, så mykje av tida går med til den. Eg er svært glad i folk, og trivest godt i fellesskap med andre. Eg er glad i å spele kroken, brettspel, dataspel og fritidsaktivitetar. Kunsten er å begrense aktivitetar, eg synes og det er fint å ha det roleg og stille. Det er alltid ein balanse mellom aktivitet og kvile.

Me gleder oss til å bli betre kjent med Jan Erik, og håper alle vil ta godt imot han!

Tekst og foto: Anne Kyte Moi, nestleiar Orre sokneråd

Nytt frå kyrkjevevja!

Det er slutten av august, og eg ser at dei tilsette kjem tilbake prega av ein fin sommar, mykje sol, gode feriedagar, og ikkje minst med nytt mot. Ja, for no er vi verkeleg i gang med eit nytt semester i kyrkjene. Aktivitetar og arrangement, møte og samtalar, konfirmantundervisning og helgeturar, konsertar, kulturkveldar og alle dugnadene er tema på kontora, i gangen og på pauserommet. No blir det liv, rai rai!

Personal:

Vi er fullt bemanna i alle kyrkjene i haust, og vi har for tida ingen sjukemelde. Riktig nok har vi eit par permisjonar, men med gode vikarar på plass er vi godt rusta til haustens oppgåver.

I Orre har vi fått ny prest, Erik Rørtveit, og ny kyrkjelydspedagog og sekretær, Jan Erik Lerbrekk. Det er stor stas. Varmt velkomne begge to!

Kyrkjebygg:

I Orre gamle kyrkje har vår og vind gjort skade og stor slitasje på vindauga, men no har vi teke ut vindauga for å reparere skadane, byte ut kitt, skrape, grunne og måle både innvendige og utvendige vindaug. Dei blir ferdige og monterte tilbake i løpet av hausten.

Også vindaugskarmane blir rehabiliterte no. Neste år skal vi etablere nokre prøvefelt inne i kyrkja for å undersøkje kva vi kan gjere for å hindre at kalken løyser seg og flassar av. Dette får vi dekke av det nye kyrkjebevaringsfondet.

I løpet av hausten vil også det slitne og sprukne skinnet på alterringen i Orre kyrkje bli bytt.

Ved årsskiftet skal vi ha ei større rehabilitering av orgelet i Klepp kyrkje, og i tillegg må vi gjere nokre reparasjonar på orgelet i Bore.

I Frøyland og Orstad klør vi oss i hovudet over nokre lekkasjar i dåpsbassenget, så det blir spennande å sjå kva vi finn ut der.

Dei observante har nok lagt merke til at vi har måla vindauga på austveggen i Klepp kyrkje, og at vi no har starta på vindauga mot sør.

Det har vore til stor hjelp med vaktmeisterteama i Klepp og Bore kyrkje. Dei gjer ein glimrande jobb med utbetringar inne og ute i kyrkjene. Det kunne godt ha vore ein person eller to til i desse arbeidslaga, så ta

gjærne kontakt om du trivst med hammar og spikar eller måling og pensel og vil hjelpa til i ny og ne.

Gravplass:

Vi har nettopp fått nye nettsider for gravplassmyndigheita i Klepp. Der finn du nyttig informasjon om gravplassane, gravminna, planting og om dei lover og reglar som gjeld for gravplassane.

Les meir på våre nye nettsider: gravplass.no/klepp

Gravplassmyndigheita er ikkje ein del av Den norske kyrkja, men kommunen si forvaltning av gravplassane. Denne oppgåva er lagt til administrasjonen ved kyrkjekontoret. Det heiter ikkje lenger kyrkjegard, men gravplass. Gravplassmyndigheita er ei livssynsopen og livssynsinkluderande forvaltingsoppgåve på vegner av det offentlege.

Kvart år har vi kontrollar på delar av gravplassane og undersøker om gravminna står stødig, og at ikkje pynt har losna eller at buskar og tre veks utanfor gravfeltet. Når vi ser at det er behov for å feste eller rette opp ein stein, eller fikse noko anna, set vi ned eit lite skilt ved gravsteinen. Når du finn eit slikt skilt, er det fint om du kontaktar oss slik at vi kan informere deg om kva som må gjerast. Det er festar som eig og er ansvarleg for gravsteinen, bedplate, pynt og beplantning, og som difor må halde dette i hevd.

Festeavgift:

Ved gravlegging er det ein friperiode på 20 år. Deretter må den som er fester betale ei festeavgift (leige av gravstaden) på kr 250 per år. Nokre vel å feste ei ekstra grav ved sida, til dømes til ein ektefelle. Denne ekstra grava har ingen friperiode, og festeavgifta må betalast frå første dag. Den som er fester, betaler for fem år om gongen.

Det er også mogleg å slette graver etter 20 år. Då blir gravminnet fjerna og grava frigjort til ombruk. Ta kontakt med gravplassmyndigheita dersom det er ønskje om å slette ei grav.

Faktura for festeavgifta kjem i oktober.

Når festeavgift ikkje vert betalt, vil vi sende ekstra varsel om dette, men etter seks månader vil gravminnet bli fjerna og grava frigjort til ombruk.

Arvid Kaspersen, kyrkjevevja Klepp

JÆRGÅRDS

På fredag 22. august var det duket for musikkfestivalen Jærgårds i Kleppeloen. En kristen musikkfestival som løfter fram navnet Jesus, på ungdommens språk.

Uansett var det trygge rammer for ungdommen, med mange gode voksne tilstades. Alle konfirmanter var invitert. Og det var smekkefullt.

Scenen lyste opp Loen, og bakken ristet, med band som L27 og Jesus Loves Electro. Noen konfirmanter var framme og hoppet seg søkkvåte til den dunkende og energiske musikken, mens andre var mer opptatt av å kikke på jentene og hoppe over gjerdene. Andre igjen syntes det ble litt mye støy, og syntes det var fint å sitte i teltet eller med bordene med noe slush og popcorn fra kiosken.

Uansett, var det trygge rammer for ungdommen, med mange gode voksne tilstede. Vi hadde med et par baller for å kunne trikse, spille volleyball og dabbe basket. Noe som også ga en fin mulighet til å bli kjent med andre ungdommer. Også pyntet mange av oss opp med glitter i fjeset. Det var jo tross alt festival.

Noen konfirmanter sprudlet over med sommerfugler i magen etter å truffet noen gutter de ikke kjente fra før. Kvelden avsluttet med silent disco og allsang, med Justin Biebers velkjente «Baby» på ørene. Tror det var mange fornøyde ungdommer som la seg den kvelden. Og vi er allerede veldig forventningsfulle til neste år!

Birgitte Maudal Berge
Menighetspedagog ungdom, Bore sokn



Nytt fra plankomiteen

Arbeidet med ny kirke følger planen og en viktig milepel ble nådd før sommeren med tett bygg.

Nytt møte i referanse komiteen med deltagere fra kommunestyret, ledelsen i kommunen og i kirken ble holdt fredag 21/8 med gjennomgang av status for prosjektet.

For tiden er det inngått kontrakter for lyd, lys og bilder for hele prosjektet samt leveranse av liturgiske møbler til kirken. Kontrakt for leveranse av møbler til hele prosjektet er under etablering. Vi regner med å delta fra kirkens side i detaljutvelgelser av utstyr fra leverandørene. Staben i kirken vil være representert i dette arbeidet samt deltagere fra komiteer fra kirken.

Etter hvert vil også koppertaket komme på plass og da


vil en få et godt totalinntrykk av hvordan det vil se ut som ferdig bygg.

Utrustning av ungdomssalen i underetasjen i kommunehuset vil menigheten ved stiftelsen Klepp nye kyrkje bidra i finansieringen av i henhold til avtalen med kommunen.

Kunstneren er i full gang med arbeidet med kunst i fondvegg ved alteret, men montering av kunst vil skje i slutfasen av prosjektet. Kunstkomiteen følger dette arbeidet videre.

Ferdig totalprosjekt er oktober 2026 som opprinnelig planlagt og prosjektet følger denne planen videre.

Leif Solberg



Der det nye livet lever

.....
av Ola Sotnakk

Norsk salmebok er ordna etter nummer, og kategorisert tematisk. Eitt av tema er «Misjon», og her finn ein mange mykje sungne salmar frå 1700-talet og fram til i dag. Fleire av desse er av nyare dato, men har likevel rukke å bli ein del av salmepertoaret til dei fleste kyrkjelydar og forsamlingar.

«Der det nye livet lever» kjenner nok mange; ein salme som er henta frå ein musikal. Musikalen «Peter» vart bestilt av Audun Vagle og Ganddal pikekor på byrjinga av 1980-talet. Vidar Kristensen stod for teksten. Kristensen er teolog og forfattar, og kjend for å ha skrive eller vore medforfattar i ei rekkje ulike tekstar og bøker, mellom anna lærebøker i KRL, kyrkjebok for 4-åringar og songtekstar. Han har samarbeidd med mange norske komponistar, og aller mest med Per Aamodt Tveit. Og det er nettopp

Tveit som skreiv musikken til denne musikalen. Utover å vere komponist, hadde han sitt arbeid i ulike kyrkjelydar og forsamlingar. Han hadde eit utstrekt samarbeid med ei rekkje kjende artistar, og medverka ved fleire plateinnspelningar.

I år er det 40 år sidan urframføringa av musikalen «Peter». Dette skjedde den 21. mars 1985, og musikalen vart dessutan innspelt på LP og kassett. «Der det nye livet lever» er sluttsongen i musikalen, og har vorte populær utover Norges grenser; den er omsett til både svensk, dansk, færøysk og japansk.

Temaet i salmen er misjonsoppdraget Peter og dei andre læresveinane fekk, og som vart gjeve vidare får generasjon til generasjon heilt til i dag.

Av Ola Sotnakk

Der det nye livet lever,
der tar ingen veier slutt.
Alle hindringer og grenser
har et nysatt fotspor brutt.
Hvor det fører det vet ingen,
men en vandring har tatt til.
Med hele verden som sitt mål
kan ingen gå seg vill.

Selv om landskapet kan skifte
mellom sletter, fjell og skog,
så er såkornet det samme,
men det brukes ulik plog.
Den som er et lys i verden,
den kan kalles jordens salt,
og den som fisker mennesker,
har arbeid overalt.

Slik som Peter og Johannes
og Maria gjorde før,
da de delte ut sin glede,
skal vi gå fra dør til dør.
Og når ordets nøkler åpner
en lukket hjertegrind,
går vi et skritt til siden slik
at Jesus slipper inn.

Der det nye livet lever,
der må planter sette frø,
slik som dette livet startet
ved at Jesus måtte dø.
Det er han som eier livet,
det er ham vi hører til.
Med Jesus som vår hyrde kan
vi aldri gå oss vill.

Med overhengende fare for å bli inspirert

